



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Formannskapet

Møtedato: 13.06.2017
Møtestad: Matre / Stordalen
Møtetid: 10:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Tilleggsaksliste:

- Skriv 10 Offentleg støtte til nærbutikken på Kvingo
- 072/2017 Lokal forskrift for tildeling av langtids plass på sjukeheim i Masfjorden kommune
- 073/2017 Budsjettrevidering 2017

12. juni 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		17/738

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017

Referatsak

32T

7. Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10
4. Protokoll Nordhordlandsting 1-2017, 15. mai.
8. Møteutskrift representantskapsmøte Nordhordland Revisjon IKS
5. Protokoll Representantskap 1-2017 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 2. juni 2017
9. Brev angående vannscooter
6. Protokoll Representantskap 2-2017 Region Nordhordland Helsehus IKS, 2. juni 2017
10. Offentleg støtte til nærbutikken på Kvingo

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Slik kan kommunen støtte opp om lokalbutikken

Nærbutikken har ei nøkkelrolle når det gjeld å møte dei utfordringane som mange bygdesamfunn står overfor. Dersom bygdefolket, butikken og kommunen samarbeider, vil resultatet bli meir livskraftige bygder.

Framtidas nærbutikk er eit servicesenter det lokalsamfunnet får dekt sine behov for daglegvarer og mange viktige tenester. Post, tipping, apotekvarer, lokal mat, drivstoff og turistformidling er eksempel på tilleggstenester som gir butikken fleire bein å stå på - og gir folk på bygda eit betre tilbud.

Butikken er ein del av infrastrukturen i eit lokalsamfunn, på linje med skule og barnehage. Derfor har Kommunal- og moderniseringsdepartementet eit eige program for utvikling av distriktsbutikker (Merkur-programmet), med tilbud om rådgjeving, opplæring og støtte til investeringar.

Merkur-programmet har [10 regionale konsulentar](#) som jobbar med kompetanse-program og oppfølging av kjøpmenn og lokalbutikker. Vi oppmodar kommunen om å søkje kontakt med desse.

Samarbeid med kommunen

Mange kommunar samarbeider aktivt med lokale butikker, slik at butikken fungerer som kommunens servicekontor. Butikkane formidlar kommunal informasjon, digitalt eller i papir-form. Fleire butikker har utlån av bøker i samarbeid med folkebiblioteket. Nokre butikker driv turistinformasjon. Andre driv miljøstasjon for kommunen, med mottak av papir, glas eller hytte-avfall.

Fleire butikker samarbeider med kommunen om ei skyss-teneste slik at eldre kan kome seg til butikken for å handle og møte andre. Skyss-tenesta blir drive av frivillige eller av lokale drosjar (service-skyss).

Nokre kommunar diskuterer ei utvida rolle for butikken, med formidling av omsorgs-tenester. Mange stader er butikken bygdas viktigaste møteplass, der alle kan møtast. Slike sosiale møtestader er svært viktig for både trivsel og psykisk helse. Derfor formidlar Merkur-programmet tilskot til butikker som ønskjer å utvide kaffikroken og kanskje etablere eit serveringstilbod.

Dersom eldre og sjuke kan få hjelp til innkjøp, ærend og små oppgåver som dei ikkje maktar sjølve, vil dei kunne bu lenger heime i staden for å flytte på institusjon. Det er gjort utrekningar som tyder på at ein kommune kan spare over 400.000 kr dersom ein delvis pleietrengande kan bu eit år lenger i heimen, i staden for å flytte på sjukeheim.

LES MEIR: [Butikken kan overta kommunale tenester](#)

Fleire kommunar gir årlege driftstilskot til dei minste butikkane, for det samfunnsoppdraget dei utfører. Utan butikk ville resultatet kunne bli fråflytting og dårlegare tenester for dei som bur i bygda. Nokre kommunar har detaljerte samarbeidsavtalar der butikkane får betaling for konkrete tenester som dei utfører for kommunen. Det kan til dømes gjelde vare-bringing, tilsyn med eldre, turistinformasjon, bibliotek og hjelp til å betale rekningar.

Lokal handel og lokal utvikling

Kommunen kan også støtte opp om dei lokale butikkane ved å handle lokalt. Mange kommunar er bundne opp av innkjøpsavtalar som forpliktar dei til bruk av større leverandørar. Men kommunane har likevel rom for å handle lokalt på nærbutikken, når det gjeld «bagatellmessige innkjøp». Lokal handel er god kommune-økonomi, fordi det styrkjer det lokale næringslivet og skaper lokale arbeidsplassar.

LES MEIR: [10 gode grunnar for å handle lokalt](#)

Bygdebutikken er ein viktig utviklingsaktør. Fleire stader er butikken utgangspunkt for oppretting av nye arbeidsplassar, til dømes innanfor reiseliv eller lokalmat. Butikken er bygda sitt vertskap for turistar og andre besøkande. Kommunen har mykje å tene på å samarbeide med butikken og bygda for å få til lokal vekst og utvikling.

Det er ikkje noko kommunal oppgåve å drive butikk. Men nærbutikken bør likevel få ei rolle i den kommunale planlegginga fordi det er ein så viktig institusjon i lokalsamfunnet.

Merkur-programmet meiner at butikk-utvikling er ein god og effektiv måte å drive bygdeutvikling på. Vi er avhengig av eit godt samarbeid med kommunane for å få dette til.

La oss jobbe sammen for å få livskraftige bygdesamfunn!

Men venleg helsing

Helge Schei

dagleg leiar

Merkur-programmet

VIL DU HA MEIR INFORMASJON OM BUTIKK- OG BYGDEUTVIKLING?

Vil du vite meir om Merkur-programmet?

[Kommunens rolle i forhold til butikken](#)

[Følg Merkur-programmet på Facebook](#)

GRATIS NYHEITSBREV: [Få oppdatert informasjon om bygdebutikker og bygdeutvikling kvar måned](#)

Fra: Per Kjetil Jørgensen <per.kjetil.jorgensen@merkur-programmet.no>
Sendt: 6. mars 2017 13:46
Til: Post Masfjorden kommune
Emne: Offentleg støtte til nærbutikken på Kvingo
Vedlegg: Slik kan kommunen støtte nærbutikken N.PDF

Kvingo Nærkjøp har fått statleg investeringsstøtte gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) sitt program for utvikling av distriktsbutikker (Merkur-programmet). Butikken på Kjørsvikbugen har fått tilsegn om 400.000 kr til utvikling av butikken, inkludert ombygging for kontor og gatekjøkken.

Merkur-programmet arbeider for at folk i distrikta skal ha tilgang til ein nærbutikk med god kvalitet, med daglegvarer og mange tilleggstenester. Kjøpmenn får tilbod om rådgjeving og kompetanseheving, i tillegg til støtte til viktige investeringar. Dei fleste distriktsbutikker har ikkje økonomi til å ta store investeringar utan noko form for støtte. KMD ser at det er behov for å ruste opp dei minste daglegvarebutikkane for å sikre eit godt teneste-tilbod over heile landet.

Nærbutikken er viktig for at folk skal bu og trivast på bygda. Utan tilgang på ein nærliggande daglegvarebutikk med god kvalitet, er det vanskeleg å få folk til å busette seg utanfor byar og tettstader.

Butikken har også ei viktig rolle som møteplass for bygda. Dei fleste nærbutikker har ein kaffikrok der bygdefolk kan møtast. I fleire bygder er dette den einaste møteplassen som er open for alle.

Merkur-programmet jobbar for at butikkane i distrikta skal bli bygdenes servicesenter, med post, tipping, apotekvarer, lokal mat, drivstoff, turistformidling, kommunal informasjon mm. Slike tilleggstenester gir butikken fleire bein å stå på. Samtidig får folk på bygda eit betre tilbod.

Kommunen kan støtte opp bygdebutikkane på fleire måtar. Vedlegget gir tips til korleis kommune og butikk kan samarbeide for å skape gode lokalsamfunn.

Vi ber om at dette brevet blir sendt vidare til ordførar, rådmann, næringsjef og formannskap.

Med venleg helsing

Per Kjetil Jørgensen
rådgivar

Merkur-programmet

Vedlegg: Slik kan kommunen støtte nærbutikken

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - H01, TI - &00	17/318

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

32T

Journalposttittel	Dato
Forskrift langtidsopphald sjukeheim 090617	09.06.2017
Høyringsuttale	02.05.2017
Svar på Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune	26.05.2017
Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune	05.05.2017
Høyringsuttale - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune	02.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune skal utarbeid ei lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune. Dette på bakgrunn av lovendring i pasient- og brukarrettigheitsloven og helse og omsorgstenestelova som vart vedteke den 13. juni 2016.

Høyring

Lokal forskrift for tildeling av sjukeheimplass i Masfjorden kommune vart lagt ut på høyring den 24.03 – 05.05.17.

Det er kome inn høyringsfråsegner frå;

Nordbygda helselag, Nasjonalforeininga v/ Liv Dyregrov

Nordbygda pensjonistlag v/ Henrikke Ynnesdal

Masfjordnes pensjonistlag v/Lovisa Midtbø

Fylkesmannen i Hordaland

Uttale

I høyringsfråsegnene er det kun fylkesmannen i Hordaland som har komme med merknader til lokal forskrift.

Vurdering

Høyringsfråsegna som kommunen fekk frå fylkesmannen i Hordaland, er viktige innspel som er med å kvalitetssikre Masfjorden kommune si lokale forskrift. I samsvar med dette har Masfjorden kommune innarbeida dei konkrete tilbakemeldingane frå fylkesmannen i lokal forskrift som ligg føre.

Konklusjon

Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Forskrift for tildeling av langtidsopphald på sjukeheim i Masfjorden kommune.

Heimel:

Vedteke i Masfjorden kommune xx.xx.2017 med heimel i lov 24.juni 2011 nr.30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova § 3-2a, andre ledd jf. lov 2.juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) § 2-1 e.

§ 1. Føremål

Forskrifta skal sikre at den einskilde pasient eller brukar får naudsynte helse- og omsorgstenester frå Masfjorden kommune, jf. Helse- og omsorgstenestelova §3-2 a, i samsvar med rettar i pasient- og brukerrettighetsloven §2-1e.

Forskrifta skal medverke til å klargjera kva kriterier Masfjorden kommune legg til grunn for vurdering og tildeling av langtidsopphald på sjukeheim.

Forskrifta skal og fastsetja korleis Masfjorden kommune skal følgja opp og ivareta pasient eller brukar, som står på venteliste til langtidsopphald på sjukeheim.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld alle pasientar og brukarar som bur eller oppheld seg i Masfjorden kommune jf. lov 24.juni 2011 nr. 30 §3-1 første ledd. Forskrifta gjeld i tillegg for pasientar og brukarar som har konkrete planar om å flytta til kommunen, og som har eit så omfattande tenestebehov at det er naudsynt at bu- og tenestetilbodet er avklart på førehand for at dei skal kunne flytte.

Langtidsopphald vert gitt ved Masfjorden sjukeheim. Denne forskrifta gjeld for tildeling av desse plassane.

§ 3. Definisjonar

Med sjukeheim meiner ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift av 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunale helse- og omsorgsinstitusjon §1 bokstaf d og e og § 2.

Med institusjon meinast blant anna sjukeheim, aldersheim, barnebustad, avlastningsbustad, kommunal rusinstitusjon og døgnplassar for augnebliskeleg hjelp etter helse- og omsorgstenestelova § 3-5.

Langtidsopphald i sjukeheim vert drifta i samsvar med forskrift for «sykehjem og boform for heildøgns omsorg og pleie § 2-1».

Med langtidsopphald meinast det opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

§4. Kriterier for tildeling av langtidsopphald i institusjon.

Grunnlag for vurdering og tildeling:

Masfjorden kommune brukar beste effektive omsorgsnivå (BEON) som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa. Omsorgstrappa har tenester på ulike nivå, der aukande hjelpebehov vert møtt med aukande og meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Tenester på lågare nivå skal som hovudregel vera forsøkt før tildeling av langtids plass i sjukeheim. Vurdering av behovet for helsehjelp skjer gjennom ei kartlegging av søkjar sitt funksjonsnivå og ei heilskapleg vurdering av pasient eller brukar sin situasjon. Det vert blant anna nytta IPLOS, som er eit lovpålagt helseregister med data som viser hjelpebehov og ressursar til dei som søker eller mottar helse- og omsorgstenester.

Vurdering for tildeling av langtidsopphald skal skje utifrå ein heilskapleg vurdering der blant anna følgjande moment vert lagt til grunn:

- a) kva type helse- og omsorgstenester det er behov for, kor omfattande og varig hjelpebehovet er,
- b) om det er naudsynt med tenester /tilsyn gjennom heile døgeret eller med korte mellomrom,
- c) om pasient eller brukar har kognitiv svikt, og kor alvorleg den kognitive svikten er
- d) pasient eller brukar si evne til å tilkalle hjelp ved behov,
- e) om pasient eller brukar si evne til eigenomsorg og føresetnad for å klare daglege gjeremål,
- f) om alternativ til bu- og tenestetilbod i forhold til sjukeheim er prøvd ut og/eller ikkje funne hensiktsmessig eller forsvarleg, herunder korttidsopphald i sjukeheim, rehabiliteringstiltak, helse- og omsorgstenester i heimen, dagtilbod, førebyggjande tenester, tilrettelegging av heimen eller omgjevnadane, hjelpemiddlar, tekniske løysingar og velferdsteknologi, frivillig bistand frå nærstående og avlastning,
- g) om pasient eller brukar utan endring av butilhøve risikerar å koma til skade eller få helsetilstanden sin eller funksjonsevne forverra, eventuelt om flytting kan verke skadeførebyggjande eller bidra til at vedkomande får høve til å forbetre sin helsetilstand eller funksjonsevne,
- h) omsyn til andre personar, herunder om pasient eller brukar er til fare for andre.

Dersom opphald i sjukeheim etter ei helse- og omsorgsfagleg vurdering er det einaste tilbodet som kan sikre pasient eller brukar naudsynte og forsvarlege tenester, skal slikt opphald tildelast umiddelbart.

For å få plass i skjerma eining for personar med demens, jf. forskrift 14.november 1988 nr.932, sykehjemsforskriften, §§ 2-1 bokstav e og 4-7, skal ein demensdiagnose være stilt. I tillegg vil det bli behovsvurdert utifrå forløp i utvikling av

demenssjukdomen, i forhold til om pasient eller brukar er engsteleg, utagerande, vandrane og uroleg .

§ 5 Brukarmedverknad

For at saka skal vera tilstrekkeleg utgreidd, må det vera gjennomført eit møte eller liknande med pasient eller brukar og/eller partsrepresentant med følgjande føremål:

- a) å gje pasient- eller brukar den informasjon om kommunen sine tenester og den rettleiing som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta sine interesser i saka, herunder informasjon om betaling
- b) å kartlegge pasient eller brukar sine resursar og behov for helse- og omsorgstenester og sosial kontakt og opplevd tryggleik
- c) å få vurdert pasient eller brukar sin samtykkekompetanse og eventuelle behov for å få oppnemnt ein partsrepresentant,
- d) å få samtykke frå pasient eller brukar til å innhente ytterlegare opplysningar som er naudsynte for saksutgreiing frå andre, og
- e) å få avklart kva ynskjer pasient- eller brukar har etter at tilstrekkeleg informasjon er gitt, herunder om det er pasient eller brukar sjølv eller partsrepresentant som har gitt uttrykk for desse ynskjer.

Pasient eller brukar kan la være å ta imot tilbod om langtids plass i sjukeheim, med mindre vilkåra i Pasient- og brukerrettighetsloven kap. 4a er oppfylt. Pasient eller brukar mister ikkje retten til å stå på venteliste ved å takke nei til eit tilbod som blir gitt av kommunen.

§ 6. Søknad og vedtak

Tildeling av langtidsopphald på sjukeheim skjer på bakgrunn av helseopplysningar, søknad og vurdering av individuelle behov. Tildeling treng ikkje alltid være avhengig av søknad . Kommunen kan og skal tilby langtidsopphald i sjukeheim til den som kommunen meiner treng det.

Søknadsskjema ligg på kommunen si heimeside, eller ein kan få søknadsskjema ved å kontakte Forvaltningskontoret. Søknad sendast Forvaltningskontoret og vert handsama i tiltaksrådet. Tiltaksrådet er fast samansett av leiarar i Pleie- og omsorg og tilsynslege ved Masfjorden sjukeheim.

Når saka er tilstrekkeleg opplyst og vurdert blir det fatta enkeltvedtak om innvilga eller avslag om langtids plass på sjukeheim.

Pasient eller brukarar som har fått avslag om langtidsplass på sjukeheim kan få eit enkeltvedtak om å stå på ei venteliste. Dette er pasient eller brukar som etter ei individuell og konkret vurdering i medhald av reglane i denne forskrifta er best tent med eit langtidsopphald på sjukeheim, men som kan bu heime i påvente av langtidsplass på sjukeheim.

Dersom pasient eller brukar ikkje fyller kriterier for å stå på venteliste vert det gitt avslag i form av eit enkeltvedtak .

§ 7 Oppfølging av pasient og brukarar på venteliste.

I enkeltvedtaket som pasient eller brukar har fått om å stå på venteliste, skal det gå fram kva helse- og omsorgstenester som skal ytast i påvente av langtidsplass på sjukeheim. Dei helse- og omsorgstenester som blitt gitt i ventetida skal til ei kvar tid være forsvarlege og behovsdekkande.

Leiar ved forvaltningskontoret skal til ei kvar tid følge med på utvikling av behov hjå pasientar og brukarar som står på venteliste, og skal syte for at det straks vert gitt langtidsopphald i sjukeheim, dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den einskilde pasient og brukar å få eit slikt tilbod. Utover hastesaker blir langtidsplass tildelt den av pasient eller brukar på ventelista som er vurdert å ha størst behov.

Pasient- eller brukar som har fått enkeltvedtak om å få stå på venteliste, må difor pårekne at pasient eller brukarar med større behov prioriterast framfor dei, og det gjeld ingen tidsfrist for når langtidsplass seinast skal verte tilbydd. Pasient og brukarar som står på venteliste, har rett til informasjon om kor lag tid dei må pårekne å vente ved å henvende seg til leiar for Forvaltningskontoret.

Forvaltningskontoret har ansvar for å halda oversyn over personar som ventar, og å vurdere situasjonen jamleg i tiltaksrådet.

§ 8. Eigenbetaling

Eigenbetaling for langtidsplass i sjukeheim føl reglane i forskrift 16.desember 2011 nr.1349 om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon. Informasjon vert gitt i vedtaket.

§ 9. Klage

Vedtak om avslag på langtidsplass på institusjon og vedtak om å ikkje å stå på venteliste kan påklagast. Vedtak kan påklagast, jf. Pasient og brukarrettighetsloven § 7-2. Ein klage skal vera skriftleg, jf. Pasient- og brukarrettighetsloven § 7-3. Ein eventuell klage skal sendast Forvaltningskontoret i Masfjorden kommune, som tar saka til vurdering i Tiltaksrådet. Dersom det ikkje vert gitt medhald, vert klagen sendt til Fylkesmannen for endeleg

vurdering og avgjerd. Klagefristen er 4 veker, og skal gå fram av vedtaket, jf. Pasient og brukerrettighetsloven § 7-5.

For nærare opplysningar, eller ved behov for hjelp og rettleiing for ein eventuell klage kan Forvaltningskontoret kontaktast.

§10. Iverksetjing av forskrifta

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.07.2017.

Hostland, 18.04.17

Mastfjorden kommune
ved sakshandsamar Helga Ellingsen

Svar på høyring om lokal forskrift for
tildeling av langtidsplass på sjukeheim i
Mastfjorden kommune.

Sak 1-17 Styremøte i Nordbygda pensjonistlag

Vedtatt: Styret i Nordbygda pensjonistlag gjekk
gjennom innhaldet i forskrifta og konkluderte
med at lokal forskrifta tok vel omsyn til
ulike sider ved tildeling til, og pleie av
personar som treng langtidsplass på sjuke-
heim eller tilsvarende bustad

Forskrifta er, etter vår vurdering, ei god
rettesnor for kosters ein hjelpeengjande
best mogeleg vert hjelpt i ein vanskeleg
livsperiode.

Me kan ikkje så langt sjå at det er noko i
forskrifta me elles bør ha merknad til.

For styret i Nordbygda pensjonistlag

Håkon Torsvik Henriette Yrnesdal
skriver Leiar

Fra: Lovisa Midtboe <l-midtbo@online.no>
Sendt: 4. april 2017 16:35
Til: Helga Irene Ellingsen
Emne: Re: 17/2389 Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

Attendemelding.

Masfjordnes pensjonistlag har drøfta høyringsframlegget til Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune på styremøte i dag, 04.04.2017.

Vi har ingen merknader til framlegget.

Lovisa Midtbø

Den 03.04.2017 09:47, skrev Helga Irene Ellingsen:

Sjå vedlegg(a)



Masfjordnes kommune

Blir berre sendt som e-brev til:
postmottak@masfjorden.kommune.no

Høyring - Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

Fylkesmannen viser til høyringsbrev av 3. april 2017 der kommunen inviterer til innspel til kommunal forskrift. Vi har følgjande innspel:

§ 2, om verkeområde

Her er det verkeområde for forskrifta som bør gå fram, ikkje kva som er vilkåra for å få tenestene. Det sentrale er at forskrifta gjeld for alle som oppheld seg i kommunen, under dette dei som flyttar til kommunen.

§ 4, om grunnlag for vurdering og tildeling og § 5, om kriteria for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim

Vi tilrår at kommunen vurderer om desse paragrafane kan samlast i ein. Dette fordi innhaldet heng nøye saman.

Forskrifta skal ivareta rettstryggleiken og vere føreseieleg for innbyggjarane. Framstilling av BEON-prinsipp er nyttig for sakshandsamar i kommunen, men er truleg noko innbyggjarane har vanskar med å forstå. Det same gjeld IPLOS og korleis den enkelte «skårar» med omsyn til hjelpebehov. Dette kan kommunen omtale med andre forstålege ord.

Innhaldet i bokstavane a) – f) bør utdjupast. Nokre døme på moment:

- a) Helsetilstand: Kor omfattande er behovet, kor lenge har vedkomande hatt behov for hjelp, om vedkomande treng tenester/tilsyn heile døgnet, med korte mellomrom, kva for hjelp vedkomande treng og pasientens føresetnader for å tilkalle hjelp.
- b) og c) Mental og kognitiv tilstand: Korleis skal dette vere vurdert?
- d) Evne til eigenomsorg. Personleg eigenomsorg og føresetnader for å klare daglege gjeremål.
- e) Butilhøve. Kva blir vektlagt?
- f) Nettverk og deira omsorgsevne. Kva ligg i dette?

Etter vår vurdering bør retten til medverknad kome tydelegare fram. Vidare gjer vi merksam på at det i kvart tilfelle er nødvendig å gjere ei samla vurdering av pasienten sin situasjon.

Dette kan komme klarere fram. Etter ei konkret og individuell helse- og omsorgsfagleg vurdering bør pasienten bli tildelt langtidsopphald når det er langvarig behov for helse- og omsorgstenester gjennom heile døgnet og andre tenester er forsøkt utan at dei dekkjer behov for nødvendige og forsvarlege tenester.

Informasjon til pasienten om tilbod og kva pasienten sjølv ønskjer på grunnlag av slik informasjon bør vere med som eit kriterium.

Kva med pasientar med særskilte behov? Langtids plass i skjerma eining? Kva er terskelen/inntakskriteria? Dette tilrår vi blir utdjupa.

§ 6, om søknad og vedtak

Tildeling treng ikkje alltid vere avhengig av søknad. Kommunen kan og skal tilby langtidsopphald i sjukeheim til den som kommunen meiner treng det. På den måten blir rettstryggleiken ivareteken for den som ikkje er i stand til å søke sjølv.

§ 7, om venteliste

Her bør det gå fram at det gjeld enkeltvedtak om å stå på venteliste. Skal ikkje dei som blir sett på venteliste også få vedtak om kva for tenester dei blir tildelt, i påvente av langtids plass? Det er òg eit vedtak at søkaren ikkje blir sett på venteliste. Kva informasjon vil kommunen gi til dei som står på venteliste?

§ 8, om klage

Her bør det gå fram kva pasienten kan klage på. Det gjeld vel både vedtak om avslag på langtidsopphald i sjukeheim og vedtak om ikkje å stå på venteliste.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Arne Erstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Nordbygda helselag

Til Masfjorden kommune

v/ helse- og omsorgsleiar Helga Ellingsen

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

Høyringsuttale – Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Masfjorden kommune

Nasjonalforeningen Nordbygda helselag handsama saka på medlemsmøte 24.04.2017.

Helselaget har ingen merknader til innhaldet i sjølve forskrifta, men har nokre kommentarar og spørsmål til problemstillingar ein kan komme borti som pårørande.

Fleire av medlemmene på møtet er eller har vore pårørande til personar som bur/har budd på Masfjorden sjukeheim. Dei har positive erfaringar med at kommunen er flink til å jenke seg når det er behov for langtidsopphald. Ein har kanskje ikkje fått einarom med det same, men det har vanlegvis ordna seg etter kort tid. Me er kjende med at eine avdelinga (korttids) for augneblinken står tom. Kva har kommunen tenkt å gjere dersom ein kjem i ein situasjon der alle rom er belagde og det ikkje er ledige rom ved sjukeheimen?

Dersom eit ektepar ynskjer å bu saman, men det berre er den eine ektefellen som har fått tildelt opphald på institusjon, kva gjer kommunen i slike tilfelle? Omsorgsbustadene kan vere eit reelt alternativ ei stund. Men kva då dersom den eine av partane får så stort pleiebehov at vedkommande må på sjukeheimen?

Pårørande er også blitt godt mottekne og ivaretekne på Masfjorden sjukeheim. Det vere seg både i den vanlege kvardagen på sjukeheimen og i den siste livsfasen til bebuar. Me kjenner til at pårørande har fått bu på sjukeheimen når det nærmar seg avslutning på livet for den som har budd på sjukeheimen. Det krev at det er romkapasitet til å ta imot pårørande. Er ein sikra at dei som ynskjer å vere saman i terminalfasen, får gjere det?

Det er i dag mykje snakk om at fleire ynskjer å få dø heime. Helsepersonar har i seinare tid uttalt i media at fleire bør få høve til å dø heime i kjende omgivnader. Korleis stiller Masfjorden kommune seg til det? Har heimesjukepleietenesta kapasitet til å yte det som då trengs, både i høve pleie og medisinerer?

Til slutt vil Nasjonalforeningen Nordbygda helselag slå eit slag for eit meir demensvennleg samfunn. Pr. i dag er det over 70000 som er ramma av demenssjukdom, ca 60 % av dei bur heime. På sjukeheim er det i snitt 80 % av bebuarane som har ein demenssjukdom.

Det skal ikkje så mykje til for å bli eit meir demensvennleg samfunn. Det handlar først og fremst om at me alle må få meir kunnskap om sjukdommen og om kva me kan gjere. Ved å kurse og informere personar innan serviceyrke som td. butikktilsette , drosjesjåførar og kommunen sitt servicetorg, og for så vidt alle oss andre, vil personar med demens få ein mykje enklare og betre kvardag, ved at me blir meir merksame på deira behov. Når me får meir kunnskap og veit kva me skal gjere, eller ikkje gjere, så blir me også flinkare til å yte det vesle ekstra. Viser til vedlagde skriv om «Et mer demensvennlig samfunn» og «Hva kan din kommune gjøre?», som er henta frå Nasjonalforeningen for folkehelsen si nettside.

Duesund, 25.04.2017

Med venleg helsing

Nasjonalforeningen Nordbygda helselag


Liv Dyregrov - leiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 153	17/737

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Budsjettrevidering 2017

Juni 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett for 2017 vert revidert slik budsjettskjema 1a og 1b viser.

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Oppr Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Framlegg Budsjett- endring	Endring i kr
Skatt på inntekt og formue	43 021 591	23 545 687	40 563 000	40 563 000	44 661 000	4 098 000
Ordinært rammetilskudd	68 606 998	35 471 134	73 773 000	73 773 000	69 243 000	-4 530 000
Skatt på eiendom	23 313 628	10 384 972	20 500 000	20 500 000	20 770 000	270 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 938 065		13 400 000	13 400 000	13 400 000	
Andre generelle statstilskudd	7 308 129	3 374 903	5 300 000	5 300 000	6 500 000	1 200 000
Sum frie disponible inntekter	156 188 411	72 776 696	153 536 000	153 536 000	154 574 000	1 038 000
Renteinntekter og utbytte	1 008 510	651 416	1 178 000	1 178 000	1 178 000	
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 298 345					
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 237 190	182 432	1 400 500	1 400 500	1 400 500	
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)						
Avdrag på lån	5 486 447	1 396 396	5 300 000	5 300 000	5 300 000	
Netto finansinnt./utg.	-4 416 782	-927 412	-5 522 500	-5 522 500	-5 522 500	-
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk						
Til ubundne avsetninger	6 711 449	2 580 163	4 899 000	7 463 499	7 463 499	
Til bundne avsetninger	1 192 941	476 500	5 000	230 000	230 000	
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	2 990 716	2 789 499		2 789 499	2 789 499	
Bruk av ubundne avsetninger	4 676 976	20 000	3 904 000	3 904 000	3 904 000	
Bruk av bundne avsetninger	561 939					
Netto avsetninger	325 242	-247 164	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-
Overført til investeringsbudsjettet						
Til fordeling drift	152 096 871	71 602 120	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	149 307 372	69 243 803	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000
Mer/mindreforbruk	2 789 499	2 358 316	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Oppr Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Framlegg Budsjett- endring	Endring i kr
01 Folkevalgte organ	2 330 651	984 672	2 301 600	2 301 600	2 301 600	
02 Administrasjon	15 511 125	7 636 739	13 435 000	13 435 000	13 435 000	
03 Barnehage	16 341 197	6 512 403	15 837 300	15 837 300	15 837 300	
04 Skule	41 663 414	16 889 336	39 571 300	39 571 300	39 571 300	
05 Helse	10 103 623	4 853 388	9 856 000	9 856 000	10 176 000	320 000
06 Sosial og barnevern	4 885 735	1 207 916	5 289 000	5 289 000	5 289 000	
07 Pleie og omsorg	47 655 459	20 798 298	47 914 800	47 914 800	47 627 800	-287 000
08 Kultur	6 027 920	2 282 160	6 020 500	6 020 500	6 100 500	80 000
09 Kyrkja	3 678 218	2 645 000	3 525 000	3 525 000	3 670 000	145 000
10 Teknisk	8 831 068	4 537 417	6 477 000	6 477 000	7 322 000	845 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 037	896 475	-3 214 000	-3 214 000	-3 279 000	-65 000
Sum overført til 1A	149 307 371,74	69 243 803,23	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000

Investeringsbudsjettet vert justert slik skjema 2a og 2b viser

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Framlegg til budsjett-revidering	Endring
Investeringar i anleggsmidlar	15 214 476	1 012 218	32 500 000	33 448 000	948 000
Utlån og forskotteringar	500 000		500 000	500 000	
Kjøp av aksjar og andelar	634 833		550 000	550 000	
Avdrag på lån	659 116	276 736			
Dekning av tidlegare års udakka	1 760 515				
Avsetningar	60 000				
Årets finansieringsbehov	18 828 940	1 288 954	33 550 000	34 498 000	948 000
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidlar	4 736 468		23 280 000	23 280 000	
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	590 000	155 610			
Tilskot til investeringar	175 000				
Kompensasjon for meirverdiavgift	792 271	63 727	6 220 000	6 220 000	
Motteke avdrag på utlån og refusjonar	10 327 744	92 406		100 000	100 000
Andre inntekter					
Sum ekstern finansiering	16 621 484	311 743	29 500 000	29 600 000	100 000
Overført frå driftsbudsjett					
Bruk av tidlegare års udisponert				848 000	848 000
Bruk av avsetningar	2 207 456		4 050 000	4 050 000	
Sum finansiering	18 828 940	311 743	33 550 000	34 498 000	948 000
Udekket / udisponert	0	-977 212	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Framlegg til budsjett-revidering	Endring
Investering i anlegg	15 214 476	1 012 218	32 500 000	33 448 000	948 000
IKT-investeringar					
1000 Edb felles			500 000	500 000	
1002 Breiband til heimar i Masfjorden	95 324		4 500 000	4 500 000	
Kommunale bygg					
2001 Sandnes bhg - Ventilasjonsaggregat			300 000	300 000	
2002 Sandnes bhg - Utvendig rehabilitering			160 000	160 000	
2101 Nordbygda bhg - Ventilasjonsaggregat			400 000	400 000	
3001 Nordbygda skule - utbetring tak			1 000 000	1 000 000	
3002 Nordbygda skule - utvendig rehabilitering			140 000	140 000	
3402 Matre skule - ventilasjonsaggregat	273 088	48 000		48 000	48 000
3403 Matre skule - utvendig rehabilitering			200 000	200 000	
4001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg			500 000	500 000	
5001 Kontorbygg Matre	19 971	88 570		800 000	800 000
5002 Sentrumstomt Hosteland	534 426				
5004 Skular - dørar og vindu			400 000	400 000	
5005 Vernebustad Haugsær - utvendig rehabilitering			100 000	100 000	
5100 Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	139 636	50 206	20 000 000	20 000 000	
6000 Kommunale vegar		108 750			
6001 Kjetland bru	24 750		950 000	950 000	
6002 Asfaltering Sandnes	591 581				
6003 Asfaltering Areklettvegen	176 588				
6004 Stordalsvegen	1 108 565				
6005 Trafikksikring Sandnes	779 596				
6006 Asfaltering Legene	718 674				
6500 Bustadfelt - tilrettelegging			750 000	750 000	
6502 Ervikneset			1 200 000	1 200 000	
VAR					
7000 Vassforsyning			50 000	50 000	
7001 Vassprosjekt - Vatn til Gulen	9 776 836	81 980		100 000	100 000
7002 Vassforsyning - utbetring sjø	48 000	208 998			
7003 VA tiltak trafikksikring Sandnes	927 441				
7004 VA Giljane		425 715	800 000	800 000	
7501 Septiktank Haugsvær			250 000	250 000	
7502 Septiktank Hosteland			300 000	300 000	

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På grunnlag av 1. tertialrapport 2017, revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2017, legg administrasjonen fram forslag til budsjettendringar på driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet 2017.

Vurdering

Driftsbudsjett 2017

I forhold til frie inntekter legg administrasjonen fram forslag til budsjettendringar som er tråd med KS sin prognosemodell for skatt på inntekt og formue samt rammetilskot. Prognosemodellen bygger på tal frå RNB 2017.

Prognosen for skatt på inntekt og formue er 55,661 mill. kr, der om lag 11 mill. kr gjeld

naturressursskatt. Skatteanslaget er 4,098 mill. kr over vedteke budsjett. Prognosen for rammetilskot er 69,243 mill. kr, som er 4,530 mill. kr under vedteke budsjett.

Utskreven eigedomsskatt for 2017 er 20,770 mill. kr. Utskreven eigedomsskatt ligg litt over vedteke budsjett på 20,500 mill. kr, men stort sett i tråd med dei prognosane vi fekk på hausten 2016.

Integreringstilskotet for 2017 var budsjettert med 4,000 mill. kr. I skriv frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet dagsett 15.03.2017 får Masfjorden kommune overført 5,224 mill. kr for personer busett i 2015 og 2016. Integreringstilskotet vert auka til 5,2 mill. kr.

I samband med tertialrapporteringa har vi sett utegløynde postar som vi no tar inn i budsjettet.

På rammeområde helse er det ikkje budsjettert overføring til Einekavane for VTA plassar 2017. Utgiften til VTA plassar i 2017 er kr 440 000. Kommunestyret har i vedteke budsjett for 2017 auka tilskotet til Einekavane frå kr 390 000 til kr 440 000.

På rammeområde Pleie og omsorg er det ikkje budsjettert med husleigeinntekt på omsorgsbustad med kr 287 000.

I framlegg til budsjett 2017 var idrettsskulen foreslått nedlagt frå skuleåret 2017/2018. Ved handsaming av budsjett i kommunestyret kom det framlegg om å oppretthalde idrettsskulen, med finansiering ved omprioriteringar innanfor rammeområde. Rammeområdet vert styrka med kr 80 000 og resterande kostnad med å oppretthalde idrettsskulen vert dekkja av rammeområdet.

På rammeområde Kyrkja er det auke utgift med kr 80.000 som kommunal finansieringsdel (ny) prestestilling, jfr. KS-095/2016. Tilskot til Frivilligsentralen kr 65 000 har høyrte til rammeområde andre tenesteområder. Administrasjonane foreslår at Frivilligsentralen vert lagt inn under rammeområde Kyrkja. Totalt vert da rammeområde Kyrkja styrka med kr 145 000.

På rammeområde teknisk er det teken inn kommunalt bidrag til kostnad i samband med punktutbetring langs fylkesveg 570 på strekninga Mjanger til Kvamme med 500 000 kr. Dette gjeld fylkesveg, og kostnaden vert å sjå som anleggsbidrag og kan ikkje finansierast med låneopptak.

Vidare er det framlegg om å opprette ei prosjektstilling innafor drift og vedlikehald for å kunne gjennomføre fleire oppdrag med vedlikehald av kommunen sine eigedomar i eigen regi. I tillegg er det tenkt at stillinga skal bidra med klargjering av utleigebygg m.m. og bidra med transportoppdrag. Samtidig treng kommunen og å styrka hjelpemiddeltenesta med reperasjon, vedlikehald og utkjøring av hjelpemidlar. Til stillinga vert er det og tenkt oppgåver med å halde oversyn på bilparken til kommunen. Dette gjeld skifte av dekk, oppfølging av servicar og anna mindre vedlikehald av bilane.

Rammeområde teknisk vert styrka med kr 845 000.

Investeringsbudsjett 2017

Investeringsbudsjettet er vedteke med i investering i anleggsmidlar på 32,500 mill. kr. Med bakgrunn i kjende forhold pr d.d gjer administrasjonen framlegg om følgjande endringar.

Prosjekt Matre skule – ventilasjonsaggregat. Aggregatet vart installert og finansiert i 2016, og i rekneskapan for 2017 er det ført utgifter til oppsett av SD-anlegg for fjernstyring av ventilasjonsanlegget. Kostnaden i 2017 er kr 48 000, og vert finansiert med unyttta lånemidlar frå

2016.

Prosjekt Kontorbygg Matre. Kjøp av brekkelokale på Matre var budsjettet i 2016, men kjøpet vart ikkje gjennomført i 2016. Opprinneleg kjøpssum var kr 700 000, og det har i 2017 og påløpt utgifter i samband med tilpassing av lokalet til brannstasjon. Kjøp av brakker på Matre med tilpassingar vert teken inn att i investeringsbudsjett for 2017. Finansiert med bruk av unyttta lånemidlar frå 2016.

Prosjekt Vatn til Gulen. Prosjektet vert finansiert med overføring frå Gulen kommune.

Konklusjon

Driftsbudsjett for 2017 vert revidert slik budsjettskjema 1a og 1b viser.

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT						
	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Oppr Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Framlegg Budsjett- endring	Endring i kr
Skatt på inntekt og formue	43 021 591	23 545 687	40 563 000	40 563 000	44 661 000	4 098 000
Ordinært rammetilskudd	68 606 998	35 471 134	73 773 000	73 773 000	69 243 000	-4 530 000
Skatt på eiendom	23 313 628	10 384 972	20 500 000	20 500 000	20 770 000	270 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 938 065		13 400 000	13 400 000	13 400 000	
Andre generelle statstilskudd	7 308 129	3 374 903	5 300 000	5 300 000	6 500 000	1 200 000
Sum frie disponible inntekter	156 188 411	72 776 696	153 536 000	153 536 000	154 574 000	1 038 000
Renteinntekter og utbytte	1 008 510	651 416	1 178 000	1 178 000	1 178 000	
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 298 345					
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 237 190	182 432	1 400 500	1 400 500	1 400 500	
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)						
Avdrag på lån	5 486 447	1 396 396	5 300 000	5 300 000	5 300 000	
Netto finansinnt./utg.	-4 416 782	-927 412	-5 522 500	-5 522 500	-5 522 500	-
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk						
Til ubundne avsetninger	6 711 449	2 580 163	4 899 000	7 463 499	7 463 499	
Til bundne avsetninger	1 192 941	476 500	5 000	230 000	230 000	
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	2 990 716	2 789 499		2 789 499	2 789 499	
Bruk av ubundne avsetninger	4 676 976	20 000	3 904 000	3 904 000	3 904 000	
Bruk av bundne avsetninger	561 939					
Netto avsetninger	325 242	-247 164	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-
Overført til investeringsbudsjettet						
Til fordeling drift	152 096 871	71 602 120	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	149 307 372	69 243 803	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000
Mer/mindreforbruk	2 789 499	2 358 316	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER						
	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Oppr Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Framlegg Budsjett- endring	Endring i kr
01 Folkevalgte organ	2 330 651	984 672	2 301 600	2 301 600	2 301 600	
02 Administrasjon	15 511 125	7 636 739	13 435 000	13 435 000	13 435 000	
03 Barnehage	16 341 197	6 512 403	15 837 300	15 837 300	15 837 300	
04 Skule	41 663 414	16 889 336	39 571 300	39 571 300	39 571 300	
05 Helse	10 103 623	4 853 388	9 856 000	9 856 000	10 176 000	320 000
06 Sosial og barnevern	4 885 735	1 207 916	5 289 000	5 289 000	5 289 000	
07 Pleie og omsorg	47 655 459	20 798 298	47 914 800	47 914 800	47 627 800	-287 000
08 Kultur	6 027 920	2 282 160	6 020 500	6 020 500	6 100 500	80 000
09 Kyrkja	3 678 218	2 645 000	3 525 000	3 525 000	3 670 000	145 000
10 Teknisk	8 831 068	4 537 417	6 477 000	6 477 000	7 322 000	845 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 037	896 475	-3 214 000	-3 214 000	-3 279 000	-65 000
Sum overført til 1A	149 307 371,74	69 243 803,23	147 013 500	147 013 500	148 051 500	1 038 000

Investeringsbudsjettet vert justert slik skjema 2a og 2b viser

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Framlegg til budsjett- revidering	Endring
Investeringar i anleggsmidlar	15 214 476	1 012 218	32 500 000	33 448 000	948 000
Utlån og forskotteringar	500 000		500 000	500 000	
Kjøp av aksjar og andelar	634 833		550 000	550 000	
Avdrag på lån	659 116	276 736			
Dekning av tidlegare års udakka	1 760 515				
Avsetningar	60 000				
Årets finansieringsbehov	18 828 940	1 288 954	33 550 000	34 498 000	948 000
Finansiert slik:					
Bruk av lånemidlar	4 736 468		23 280 000	23 280 000	
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	590 000	155 610			
Tilskot til investeringar	175 000				
Kompensasjon for meirverdiavgift	792 271	63 727	6 220 000	6 220 000	
Motteke avdrag på utlån og refusjonar	10 327 744	92 406		100 000	100 000
Andre inntekter					
Sum ekstern finansiering	16 621 484	311 743	29 500 000	29 600 000	100 000
Overført frå driftsbudsjett					
Bruk av tidlegare års udisponert				848 000	848 000
Bruk av avsetningar	2 207 456		4 050 000	4 050 000	
Sum finansiering	18 828 940	311 743	33 550 000	34 498 000	948 000
Udekket / udisponert	0	-977 212	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett 2017	Framlegg til budsjett-revidering	Endring
Investering i anlegg	15 214 476	1 012 218	32 500 000	33 448 000	948 000
IKT-investeringar					
1000 Edb felles			500 000	500 000	
1002 Breiband til heimar i Masfjorden	95 324		4 500 000	4 500 000	
Kommunale bygg					
2001 Sandnes bhg - Ventilasjonsaggregat			300 000	300 000	
2002 Sandnes bhg - Utvendig rehabilitering			160 000	160 000	
2101 Nordbygda bhg - Ventilasjonsaggregat			400 000	400 000	
3001 Nordbygda skule - utbetring tak			1 000 000	1 000 000	
3002 Nordbygda skule - utvendig rehabilitering			140 000	140 000	
3402 Matre skule - ventilasjonsaggregat	273 088	48 000		48 000	48 000
3403 Matre skule - utvendig rehabilitering			200 000	200 000	
4001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg			500 000	500 000	
5001 Kontorbygg Matre	19 971	88 570		800 000	800 000
5002 Sentrumstomt Hosteland	534 426				
5004 Skular - dørar og vindu			400 000	400 000	
5005 Vernebusstad Haugsær - utvendig rehabilitering			100 000	100 000	
5100 Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	139 636	50 206	20 000 000	20 000 000	
6000 Kommunale vegar		108 750			
6001 Kjetland bru	24 750		950 000	950 000	
6002 Asfaltering Sandnes	591 581				
6003 Asfaltering Areklettvegen	176 588				
6004 Stordalsvegen	1 108 565				
6005 Trafikksikring Sandnes	779 596				
6006 Asfaltering Legene	718 674				
6500 Bustadfelt - tilrettelegging			750 000	750 000	
6502 Ervikneset			1 200 000	1 200 000	
VAR					
7000 Vassforsyning			50 000	50 000	
7001 Vassprosjekt - Vatn til Gulen	9 776 836	81 980		100 000	100 000
7002 Vassforsyning - utbetring sjø	48 000	208 998			
7003 VA tiltak trafikksikring Sandnes	927 441				
7004 VA Giljane		425 715	800 000	800 000	
7501 Septiktank Haugsvær			250 000	250 000	
7502 Septiktank Hosteland			300 000	300 000	